



RETNINGSLINER FOR
KULTURPRIS FOR AUKRA KOMMUNE

1. Namnet på prisen er kulturprisen for Aukra kommune
2. Formålet med kulturprisen er å hjelpe fram kulturarbeidet i kommunen.
3. Administrasjon og utdeling av kulturprisen er lagt til livsløpsutvalet i Aukra kommune. Storleiken av kulturprisen vert avgjort av livsløpsutvalet, det må vere gjort før utlysing av prisen.
4. Kulturprisen kan gjevast til einskilde personar eller grupper av personar, til lag og organisasjonar som høyrer heime i kommunen og som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege. I tilfelle kulturarbeidet til vedkomande har kome eller kjem særleg denne kommunen til gode, og elles under dei føresetnader som er nemnd ovanfor, kan prisen og tildelast kandidatar som ikkje er busette i kommunen.

Kulturprisen kan ikkje gjevast til offentlege institusjonar eller til landsomfattande organisasjonar som hovedsakleg finansierer arbeidet sitt med offentlege midlar, eller til personar som er tilsette av det offentlege til å drive kulturarbeid eller kulturvern.

5. Livsløpsutvalet i Aukra kommune syter for å gjere prisen kjend og set fristen for innsending av framlegg til kandidatar. Med minst 6 vekers varsel skal livsløpsutvalet kunngjøre fristen i pressa og på annan høveleg måte gjera fristen kjend. Innkomne framlegg på kandidatar vert send medlemmane i livsløpsutvalet som kvar for seg innstiller kandidat (ar) til prisen.
6. På grunnlag av innstillingane som ligg føre, gjer livsløpsutvalet vedtak om prisen skal delast ut, kven som skal få den og – i tilfelle deling – kor stor del kvar skal få. Det skal ikkje knytast særlege vilkår for korleis mottakaren nyttar prisen. Vedtak blir gjort med vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal er leiar si stemme avgjerande.
7. Utskrift av protokollen for møtet skal sendast formannskapet og fylkeskulturstyret. Namnet på prisvinnaren (e) med styrets grunngjeving for tildeling, skal kunngjera i pressa. Prisen skal delast ut saman med ein diplom på ei tilstelling som livsløpsutvalet har ansvaret for. Kulturprisen skal vere utdelt føre 1. november.

Sist endra av Livsløpsutvalet ref. dok.**2011/35-1**